

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1911/2005

2009/EØS/39/16

av 23. november 2005

om endring av vedlegg I til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse, med omsyn til flugestonacetat(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse⁽¹⁾, særleg artikkel 2,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske lækjemiddelkontoret, som er gjeven av Utvalet for veterinærpreparat, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon, skal vurderast i samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90.
- 2) Flugestonacetat er ført opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 for mjølk frå sauer og geiter, berre til innføring i vagina og for avlstekniske føremål. Dette stoffet er òg ført opp i vedlegg III til den nemnde forordninga for musklar, feitt, lever og nyrer frå sauer og geiter, berre til terapeutiske og avlstekniske føremål, i påvente av at vitenskaplege granskingar skal fullførast. Desse granskingane er no vortne fullførde, og flugestonacetat bør difor førast opp i vedlegg I til den nemnde forordninga for dei same føremåla og målveva som i vedlegg III.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 23. november 2005.

- 3) Forordning (EØF) nr. 2377/90 bør difor endrast.
- 4) Det bør fastsetjast ein tilstrekkeleg lang frist før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere dei tilpassingane som i lys av føresegnene i denne forordninga kan vere naudsynte i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/82/EF av 6. november 2001 om innføring av et fellesskapsregelverk for veterinærpreparater⁽²⁾.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for veterinærpreparat —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 23. januar 2006.

For Kommisjonen
Günter VERHEUGEN
VICEPRESIDENT

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 305 av 24.11.2005, s. 30, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 80/2006 av 7. juli 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 52, 19.10.2006, s. 10.

(¹) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 1. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1518/2005 (TEU L 244 av 20.9.2005, s. 11).

(²) TEF L 311 av 28.11.2001, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/28/EF (TEU L 136 av 30.4.2004, s. 58).

VEDELGG

A. I vedlegg I (liste over farmakologisk verksame stoff som det er fastsett grenseverdier for med omsyn til restmengder) vert følgjande stoff sett inn:

«6. Midler som virker på forplantningssystemet

6.1. Progestogener

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev
Flugestonacetat⁽¹⁾	Flugestonacetat	Sau, geit	0,5 µg/kg	Muskler
			0,5 µg/kg	Fett
			0,5 µg/kg	Lever
			0,5 µg/kg	Nyrer

⁽¹⁾ Bare til terapeutiske og avlstekniske formål.»